

Digitaliseringsstrategi for Vanylven kommune 2025 - 2029

Digitaliseringsstrategiens fokusområde:

- kostnadseffektiv
- brukarorientert
- nytenkande
- god datatryggleik

Fokusområda skal oppnåast gjennom:

- samarbeid og partnerskap
- kontinuerleg forbetring
- god styring
- handlingsplan

Ver.3.0 251111 – utarbeidd av kommunedirektøren

Ver. 2.0 230804 - utarbeidd av kommunedirektøren

Ver.1.0 230726 – utarbeidd av kommunedirektøren

Innholdsliste

1. Innleiing - kostnadseffektivt	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Mål og formål	5
1.3 Omfang og rekkjeverd	7
2. Nytenkande digitalisering og automatisering	9
2.1 Dagens situasjon	9
2.2 Framtidige mål og visjon	10
2.3 Konkrete tiltak for digitalisering og automatisering	11
2.3.1 Fullføre migreringa til skytenester	11
2.3.2 Automatisere prosessar med eADM-løysinga frå Identum AS	11
2.3.3 Utvikle ein strategi for serverkapasitet	11
2.3.4 Styrkje den digitale kompetansen blant dei tilsette	11
2.3.5 Forbetre digital tilgjengelegheit for innbyggjarane	11
2.3.6 Implementere lot-løysingar	12
2.3.7 Utforske moglegheiter for kunstig intelligens (AI) og maskinlæring	12
2.4. Framgangsmåte for gjennomføring	12
2.4.1 Planlegging og testing	12
2.4.2 Stegvis migrering	12
2.4.3 Opplæring og kompetanseheving	13
2.4.4 Leie serverkapasitet	13
2.4.5 Løpande overvaking og evaluering	13
2.4.6 Innovasjon og kontinuerleg forbetring	13
3. Brukarorientert tilnærming	13
3.1 Skildring av dagens brukaroppleving	14
3.2 Skildring av ønsket framtidig brukaroppleving	14
3.3 Strategiar for forbetring av brukaropplevinga	14
3.3.1 Brukarundersøkingar	14
3.3.2 Brukarvennleg design	15
3.3.3 Brukaropplæring	15
3.3.4 Personalisering	15
3.4 Plan for brukarinvolvering og tilbakemeldingar	15
3.4.1 Brukarinvolvering i utviklingsfasen	15
3.4.2 Open kanal for brukartilbakemeldingar	15
3.4.3 Regelmessig evaluering og handling på brukartilbakemeldingar	16
3.4.4 Brukarpanel og brukarråd	16

4. Datatryggleik og personvern	16
4.2 Gjeldande tryggingstiltak og utfordringar	16
4.3 Personvernutfordringar og løysingar	17
4.4 Plan for framtidige tryggingstiltak og det å overhalde lovpålagde krav	17
4.4 Strategi for opplæring og bevisstgjeriing	17
5. Samarbeid og partnarskap	18
5.1 Noverande samarbeid og partnarskap	18
5.2 Potensielle samarbeidspartnarar og strategiske partnarskap	19
5.3 Plan for å initiere og halde ved like desse partnarskapa.....	19
6. Kontinuerleg forbetring	19
6.1 Metode for å samle og analysere tilbakemeldingar.....	20
6.2 Plan for regelmessige vurderingar og oppdateringar av IKT-strategien	20
6.3 Framgangsmåte for implementering av forbetringar basert på tilbakemeldingar	20
7. IKT-styring og leiing	21
7.1 Ansvars- og organisasjonsstruktur for IKT i kommunen.....	21
7.2 Ressursplanlegging for implementering av IKT-strategien	21
7.3 Plan for å opplyse og involvere alle interessentar	22
7.4 Visjon for framtidig leiarskap og styring innan IKT.....	22
8. Handlingsplan og vegen vidare	22
8.1 Oppsummering av hovudpunkta i IKT-strategien	23
8.1.1 Kostnadseffektiv digitalisering	23
8.1.2 Nytenkande digitalisering og automatisering	23
8.1.3 Brukarorienterte tilnærming:	23
8.1.4 Tryggleik og personvern	23
8.1.5 Samarbeid og partnarskap:	23
8.1.6 Kontinuerleg forbetring:.....	23
8.1.7 IKT-styring og leiing:	23
8.2 Handlingsplanen 2024 – 2027	23

1. Innleiing - kostnadseffektivt

1.1 Bakgrunn

Digitalisering har blitt ein integrert del av kvardagen, også i offentleg sektor – og vi står no truleg i eit paradigmeskifte der kunstig intelligens (AI) vil drive digitaliseringa raskare og lenger enn ved tidlegare digitale skifte. I denne samanheng ser Vanylven kommune behovet for ein effektiv, brukarorientert, innovativ og sikker digitalisering – og ei digitalisering som støtter opp under tenesteproduksjonen og tenesteutviklinga til Vanylven kommune.

Kommunen hadde, fram til for nokre år sidan, ein serverbasert IKT-struktur. Der fagapplikasjonane til Vanylven kommune var drifta på server lokalt i serverrommet på rådhuset, og seinare på serverane til Søre Sunnmøre IKT (SSIKT). Men som mange andre organisasjonar, så har også Vanylven kommune erfart at denne tilnærminga har sine avgrensingar. Serverdrift er ofte kostbar; krev mykje fysisk plass og er gjerne ressurskrevjande når det gjeld vedlikehald og oppgraderingar – dessutan kan det vere utfordrande å skalere opp og ned løysingar raskt nok for å møte skiftande behov. Ikkje minst kan det vere ei utfordring knytt til datatryggleik.

Når samfunnet er i ein overgang frå server-drift til skytenester, så har dette opna for nye moglegheiter i høve drift av IKT. Skytenester kan gi betre fleksibilitet, skalerbarheit og vere meir kostnadseffektive. Med datatenestene i “skya”, så kan kommunen skalere opp eller ned tenestene etter behov, samt at kommunen berre betaler for det vi faktisk bruker. Dette kan potensielt redusere driftskostnadene betydeleg – dersom vi ser nokre år fram i tid. I økonomiplanen for Vanylven kommune lagt til grunn at skydrift vil gi ei innsparing på kr 2 million i 2026. I tillegg kan skytenester auke tilgjengelegheita av tenester for brukarane, då dei kan aksesserast frå kva eining som helst med internett samband.

Ein annan fordel med skytenester, slik Vanylven kommune vurderer det, er auka dataintegritet og datatryggleik. Backup og gjenoppretting av data er vanlegvis enklare og meir robust i skya, og mange skytilbydarar har sterke tryggingstiltak på plass for å verne data – slik som Microsoft har for sine skytenester. Skytenester gir også moglegheiter for å nytte meir avanserte teknologiar, som kunstig intelligens (AI) og maskinlæring (ML), noko som kan bidra til å auke effektiviteten og forbetre tenestene til kommunen ytterlegare. Det er likevel viktig å peike på at overgangen til skytenester også inneber ei rekkje forandringar og potensielle utfordringar. Dette inkluderer mellom anna behov for kompetanseheving blant dei tilsette; nye krav til databehandling og personvern samt endringar i korleis IT-support og vedlikehald blir handtert.

Vanylven kommune har sidan 2009 delteke i det interkommunale IKT-samarbeidet på Søre Sunnmøre, og kommunen hadde også eit ønske og ein intensjon om kunne ta del i dette samarbeidet vidare. Men i 2022 kom det til eit punkt der det viste seg at Vanylven kommune og dei andre kommunane på Søre Sunnmøre ikkje hadde same syn på korleis vi i framtida skulle løyse oppgåvene for IKT – og då knytt til kjerneområda drift, support og utvikling. Denne usemja førte til at Vanylven kommune i kommunestyrevedtak av 12. desember 2022 gjekk til oppseiing av den interkommunale avtalen om IKT- drift gjennom Søre Sunnmøre IKT (SSIKT).

Hovudutfordringa med å skulle fortsette i SSIKT, var at Vanylven kommune hadde eit ønske om å ville kjøpe enkelttenester frå SSIKT, medan dei andre kommunane ikkje ville gi moglegheitene for at det var mogleg å kjøpe berre enkelttenester av porteføljen til SSIKT. Det var til dømes eit ønske frå Vanylven kommune om å kjøpe IKT-infrastruktur tenester frå SSIKT, men det har etter konkret førespurnad vist seg å ikkje vere interessant for SSIKT å tilby Vanylven kommune denne tenesta. Av andre aktuelle enkeltteneste, som Vanylven kommune kunne ha kjøpt av SSIKT, kunne vere generell IKT-support. Når

SSIKT ikkje vil tilby oss enkelttenester, så må vi kjøpe IKT-infrastruktur frå eksterne og etablere eigen IKT-avdeling for å sikre IKT-support – og vi må automatisere ein del av dei oppgåvene som i dag blir utført av SSIKT, slik som identstyring og bestilling av datautstyr.

Det er i denne samanheng Vanylven kommune har vedteke å utarbeide ein ny digitaliseringsstrategi. Målet er å finne dei beste løysingane for å møte dagens behov, samt førebu kommunen på framtidige endringar og utfordringar – der hovudfokus for IKT-drifta vil vere gevinstrealisering, innovasjon, datatryggleik og brukarvenleg fagsystem. Grunnmuren for ei slik IKT-drift vil vere:

- Alle fagsystema blir etablert som skytenester
- Kommunen etablerer eigen IKT-avdeling
- IKT-infrastrukturen blir drifta eksternt

1.2 Mål og formål

Vanylven kommune hadde i perioden 2018 – 2021 ein felles digitaliseringsstrategi saman med dei andre seks kommunane på Søre Sunnmøre – som var ein fellesstrategi med følgjande hovudfokusområde:

- Brukaren i sentrum
- Digitalisering for innovasjon
- Styrke digitale kompetanse og deltaking
- Effektiv digitalisering av kommunane
- Informasjonstryggleik, personvern og dokumentforvaltning

Når Solberg-regjeringa og KS saman lanserte ein nasjonal digitaliseringsstrategi 11. juni 2019, så nytta kommunane på Søre Sunnmøre dette som sin digitaliseringsstrategi – dette var ein nasjonal digitaliseringsstrategi med følgjande hovudmål:

- Offentleg sektor skal digitaliserast på ein open, inkluderande og tillitsvekkande måte
- Fleire oppgåver løysast digitalt, og som samanhengande tenester
- Alle innbyggjarar, næringsdrivande og frivillige organisasjonar som har evne til det, kommuniserer digitalt med offentlig sektor
- Offentleg sektor utnyttar potencialet i deling og bruk av data til å lage brukevenlege tenester med utgangspunkt i eit felles digitalt økosystem for samhandling.
- Kommunale og statlege verksemder hentar gevinstar frå digitalisering på ein systematisert måte.

For å oppnå desse måla, så var det i den nasjonale digitaliseringsstrategien fokusert på følgjande innsatsområde:

- Brukarane skal setjast i sentrum
- Offentleg sektor skal samhandle betre om digitale tenester
- Data skal i større grad delast og brukast om att i offentlig sektor
- Nasjonale digitale samhandling og tenesteutvikling
- Samarbeid med privat sektor

Støre-regjeringa lanserte den 26.09.2024 ein ny nasjonal digitaliseringsstrategi for 2024-2030. Sjølv om dette er eit viktig arbeid, så er det truleg eit behov for ein lokal digitaliseringsstrategi som tek med seg føringane frå den nasjonale digitaliseringsstrategien og omsette denne i praktisk tiltak på lokalt plan.

I en lokal digitaliseringsstrategi for Vanylven kommune, så vil det vere viktig å sjå på satsingsområde for å sikre at IKT kan vere med å underbyggje den lokale tenesteutviklinga. Ny tenesteutvikling er viktig for at Vanylven kommune i framtida skal kunne yte dei nødvendige tenestene til våre innbyggjarar, næringsliv og frivillig lag og organisasjonar. Det blir i digitaliseringsstrategien for Vanylven kommune lagt til grunn følgjande overordna mål for våre digital tenester, og som skal vere:

- kostnadseffektivt
- brukarorienterte
- nytenkande
- tenester med god datatryggleik

Digitaliseringsstrategien føresett at det følgjande blir gjennomført i perioden 2025 –2029 for å kunne sikre dette:

- samarbeid og partnerskap
- kontinuerleg forbetring
- god styring
- handlingsplan

Hovudmålet med denne digitaliseringsstrategien er å sikre at Vanylven kommunes IKT-infrastruktur og tenester fungerer som effektive verktøy for å oppfylle overordna måla til kommunen. Digitaliseringsstrategien skal tene som eit strategisk vegkart for korleis IKT kan støtte opp under tenesteproduksjonen til kommunen og bidra til å løyse utfordringane i kommunen på ein trygg, brukarvennleg og kostnadseffektiv måte. Spesielt er det viktig å drive kostnadseffektivt, fordi vi har ein folketalsnedgang samtidig som vi har behov for å frigjere økonomiske ressursar til bruk i eldreomsorga.

IKT er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit middel for å nå målet til kommunen. Strategien skal derfor alltid vere forankra i behova og prioriteringane til kommunen, og ikkje driven av teknologiske trendar eller dei tilgjengelege løysingane i marknaden. Dette betyr ikkje at vi skal ignorere nye teknologiar, men at avgjerder om å adoptere nye løysingar skal vere basert på ei nøye vurdering av kva meirverdi dei kan

gi for tenesteproduksjonen til kommunen og kvardagen til innbyggjarane. Kommunen skal starte med eit behov for å løyse ei utfordring og ikkje lage eit behov med nye dataløysingar.

Formålet med strategien er å sikre at alle IKT-relaterte avgjerder i kommunen er forankra i ein heilskapleg og langsiktig plan, for såleis å unngå fragmenterte og kortsiktige løysingar. Vi ønskjer å leggje til rette for ein IKT-infrastruktur som er enkel, robust, fleksibel og framtidsretta, som kan støtte opp under endringar i tenesteproduksjonen og handtere framtidige utfordringar. Strategien skal også bidra til å gjere tydeleg brukarperspektivet i IKT-satsinga til kommunen. Dette inneber å fokusere på brukarvennlegheit, tilgjengelegheit og universell utforming i alle IKT-løysingar, for å sikre at dei er intuitive og enkle å bruke for alle tilsette og innbyggjarar. Det inneber også å sørgje for god opplæring og støtte, slik at alle kan ta fullt utnytting av dei digitale tenestene - både innbyggjarar og tilsette.

Vidare er det eit formål med strategien å fremje innovasjon og kontinuerleg forbetring. Dette inneber å vere open for nye idear og løysingar; å lære av egne og erfaringane til andre, og å jobbe systematisk med å forbetre IKT-tenestene i tråd med behova og tilbakemeldingane til brukarane. Vidare at vi må søkje samarbeid og partnerskap for å kunne oppnå dette – det kan vere med andre kommunar; høgskular/universitet; lokale IKT-verksemder og utviklarar av dataløysingar.

Uansett er det viktig at datatryggleik ligg som ein grunnstein i arbeidet med våre IKT-tenester. Når kommunen ikkje har serverer lokalt og har alt som sky-baserte tenester, så er risikoen spreidd og såleis redusert. Likevel blir det vurdert som viktig med ei ekstern vurdering av datatryggleiken våren 2026, slik at kommunen får innsikt i kva “sikkerheitshull” som kan vere når alt er “på skya” - både knytt til fagapplikasjonane og lagring av data i Microsoft365 i Teams og OneDrive. Det vil uansett vere slik at sensitiv og teieplikt informasjon skal vere lagra i fagapplikasjonane og ikkje på skya i Teams eller OneDrive – og her må rutinar, kompetanseheving og opplæring på plass for å sikre at tilsette følgjer opp dette. Vidare må sjølvstøtt ha på plass to-faktor-autentisering; sentralstyring av datamaskinene og e-post som applikasjon på mobiltelefonen – dette vil av brukarane av systemet kanskje opplevast som ei unødvendig hindring, men er heilt nødvendig om vi skal redusere risikoen for datainnbrot. Vi vil fase inn Yubikey som tofaktor-autentisering våren 2026.

1.3 Omfang og rekkjevidde

Vanylven kommune yter kommunale tenester for eit høvesvis stort geografisk område på heile 385 km², og vi har i dag per 2. kvartal 3 029 innbyggjarar. På grunn av ein nedgang i folketalet på om lag 1 000 innbyggjarar frå 2002 til 2022, så har det vore nødvendig å effektivisere og sentralisere det kommunale tenestetilbodet. Kommunale tenestetilbod som tidlegare vart tilbodne i bygdene Fiskå, Syvde; Åheim, Sylte, Åram, Eidså og Rovde, er i dag sentraliserte til dei tre største bygdesamfunna, som er Fiskå, Syvde og Åheim. Fiskå, som er det største av dei tre bygdesamfunnet, har rådhuset, brannstasjonen, legekantoret og omsorgssenteret. Omsorgssenteret inkluderer sjukeheim; kjøkken heimebaserte omsorg og rehabiliteringstenestene. I tillegg finst det bustader og eit arbeidssenter for psykisk utviklingshemma i Fiskå samt eit arbeidssenter på Eidså og eit privat tenestetilbod for rus på Syvdsneset.

Kommunen har tre skular: ein barneskule i Fiskå og barne- og ungdomsskular i Syvde og på Åheim - både på Åheim og på Fiskå er det frittstående idrettshallar nær skuleområdet. Vidare er det tre barnehagar i kommunen – med ein privat barnehage i Fiskå og kommunale barnehagar i Syvde og på Åheim.

Utover det sentrale tenestetilbodet i Fiskå, har kommunen omsorgsbustader i Syvde og på Åheim. Det er også planar om å etablere vaksenopplæringseining, frivilligsentral og kulturkontoret på Eidså, som også er der sentralbananlegget i kommunen ligg saman med fotballhallen til Vanylven FK. Eidså ligg strategisk plassert i sentrumet til kommunen, men utfordringa er at det ikkje er så mykje innbyggjarar knytt til Eidså. Vidare har vi bibliotek på det vidaregåande skulebygget i Syvde samt bibliotekfilial på det tidlegare oppvekstsenteret på Åram.

Kommunen har kommunal fiberinfrastruktur mellom alle dei kommunale lokasjonane og “serverrommet” i rådhuset på Fiskå. På “serverrommet” på rådhuset er det bli etablert brannmur, hovudswitch og internettlinje, som dekkjer behovet for heile kommunen. Serverrommet har naudstraum og kjøling, sjølv om det er mindre behov for kjøling når kommunen ikkje skal ha server med mange virtuelle servere på “serverrommet”, så er det ein trygghet. For dei fagapplikasjonen som krev eigen server, har kommunen sett bort serverdrifta til programvareleverandøren - dette gjeld i dag produkta til Caverion, Normatic, Låssenteret og Certego – og til dels enkeltprodukt frå Norkart. Kommunen har starte arbeidet med å vurdere kva system vi skal ha i framtida og konsolidere til færre serverer, der vi har moglegheit til det – samt at vi vil starte prosessen med å lyse ut slik at vi får fleire applikasjonar i sky. Kommunen har lyst ut for nytt låssystem og vil flytte styringen av dette på sky i løpet av åren 2026.

Når det gjeld IKT-system for kommunal tenesteproduksjon, nyttar Vanylven kommune ei rekkje fagspesifikke program for å støtte opp under denne produksjonen - dette gjeld følgjande primærprogram:

- Visma, som HR- og økonomisystem for heile kommunen
- Framsikt, som budsjetteringssystem
- Acos for saksbehandling, arkivering og samhandling med brukarane og politikarane
- Vigilo som skuleadministrativt system for både skule og barnehage
- Helseplattforma for sjukeheimen, heimebasert omsorg, helsestasjonen og legekantoret
- Compilo, som system for kommunen sine reglement, rutinar og avvikshandtering
- Famac, som system for forvaltning, drift og vedlikehaldssystem for kommunale eigedomar
- Motavati, som system for gjennomføring av medarbeidersamtalar
- Norkart som det primære systemet for tekniske tenester, og som dekkjer mange fagområde
- Documaster for dei historiske arkiv og arkivkjerna til nye skytenester som til dømes Vigilo
- Normatic for varmestyring av dei kommunale bygga
- Caverion for styring/kontroll av vatn, avløp, renovasjon (VAR)-området
- Webcruiter, som system ved utlysing av stillingar
- Plandisc, som system for utarbeiding av årshjul
- PowerBI, som verktøy for visualisering av sanntidsdata

- Pureservice, som verktøy for intern saksbehandling gjennom digitale verktøy knytt til IKT, HR, lønn og leiging.

IKT-strategien omfattar alle desse systema og tenestene. Målet er å sikre at systema er brukarvennlege; effektive og godt integrert med kvarandre; for å støtte tenesteproduksjonen til kommunen og for å gi innbyggjarane best mogleg tenester. Denne strategien tek sikte på å sentrere IKT-bruken rundt behovet til brukaren, og ikkje berre implementere nye dataløysingar som kjem på marknaden, for å sikre at teknologien er tilpassa dei faktiske behova i kommunen.

2. Nytenkande digitalisering og automatisering

2.1 Dagens situasjon

Vanylven kommune har lenge anerkjend viktigheita av å bruke digitalisering for å effektivisere og forbetre tenestene våre, og ikkje minst at kommunen også har forståing for at nett-tilgang for våre innbyggjarar og næringsliv er ein viktig føresetnad for kunne bu og etablere seg i Vanylven kommune - dette kjem til uttrykk at vi i dag har full fiberutbygginga i heile kommunen.

Kommunen starta allereie i 2005 med å etablere fiberstruktur mellom alle kommunale lokasjonar i kommunen samt sikra eit ADSL-tilbod til alle innbyggjarane i kommunen. Dette var også ein struktur som kommunen i 2011-2015 bygde ut og nytta for å sikre seg fiberstruktur i heile Nordfjord, Søre Sunnmøre og heilt til Ålesund og som i SSIKT fram til dags dato i hovudsak har nytta for datatrafikk mellom kommunane på Søre Sunnmøre.

I perioden 2016-2018 så fekk kommunen sikra full utbygging av fiber til alle innbyggjarane og næringslivet i kommunen og dette sikrar også nødvendig fiber til kommande 5G-utbygging i kommunen – i det alle mobilmaster blir mata med trafikk frå fibernettverk. Vidare har kommunen hatt fokus på digitalisering gjennom fagapplikasjonane og med integrasjon mellom datasystem og vi viser her til at vi allereie i 2011 fekk til integrasjon mellom økonomisystemet og helsesystemet. Vanylven kommune har satsa stort på etablering av videokonferansesystem i kommunen og vi har i dag 20 videokonferansesystem av Cisco.

Den største overgangen til digitalisering i kommunal samanheng starta likevel med etableringa av driftssenter på Hareid i 2009 samt vidareføring av dette ved etablering av Søre Sunnmøre Interkommunale IKT-samarbeid (SSIKT) i 2017.

Før etableringa av SSIKT, hadde Vanylven kommune dei fleste datasystema på server i eige datarom på rådhuset på Fiskå. Men over tid, og gjennom samarbeidet med SSIKT, så har kommunen starta med å bruke fleire og fleire sky-baserte løysingar, der data og tenester er lagra og tilgjengeleg via internett i staden for på lokale serverar. Dette har vore ei stor endring frå korleis IT-tenestene vart levert

tidlegare og vurderast også som risikoreduserande i høve datainnbrot, sidan data ikkje er lagra samla på ein plass. Vi viser her til dømes at sensitive helsedata bli lagra hos Helseplattformen og sensitive data i arkivsystemet vil bli lagra hos Acos. Når det gjeld sensitiv data, så blir oppgåva til Vanylven kommune å sikre at vi har tilstrekkeleg med sikkerheitsrutinar for å vere trygg på at ikkje brukaridentar ikkje kan bli misbrukt til å hente ut data – spesielt er dette knytt til åtferda til våre tilsette, slik at tilsette ikkje blir lurt frå seg informasjon samt gjennom å hindre tilgang til å installerer programvare på eigen maskin.

Det største steget i denne overgangen til skytenester, har vore migreringa av fleire sentrale datasystem til skya. Dette inkluderer økonomi- og HR-systemet Visma, som vart flytta over til skya 1. januar 2022; skuleadministrative systemet Vigilo som vart overført til skya sommaren 2023 og ACOS saks- og arkivsystemet som nyttast at saksbehandlarane, politikarane og som teneste for kommunikasjon med våre innbyggjarar. Den største migreringa av data skjedde 27. april 2024, når helsedata vart overført frå dagens Gerica-system til Helseplattformen. I tillegg har vi andre system, som tekniske løysingar frå Norkart og Caverion, og bygningsstyringssystemet frå Normatic er også sentrale i den digitale infrastrukturen til kommunen.

Vanylven kommune har automatisering i nokre av prosessane våre, når vi gjekk ut av SSIKT. Dette som til dømes automatisk skiping av nye tilsette i Active Directory (Azure AD) ved hjelp av data frå HR-systemet Visma og tredjepartsprogramvara eADM frå Identum AS – dette girforbetra effektiviteten og redusert tidsbruken for administrativt arbeid. Ikkje minst er dette kostnadseffektivt ved at vi for redusert tal og type på Microsoft-lisensar, samt ei auka sikkerheit når dette blir automatisert – dette ved at vi ikkje betalar lisensar for tilsette som har slutta samt at tilgangane til desse også blir slettat automatisk når det sluttar med oss.

Trass i desse endringane, så er det framleis mange område der kommunen kan dra nytte av meir avansert digitalisering og automatisering. I dagens situasjon står Vanylven kommune overfor utfordringar knytt til å halde oppe ein stabil og sikker IT-infrastruktur, samtidig som dei tilpassar seg dei raskt skiftande teknologiske trendar – og der effektivisering er heilt naudsynt for å frigjere ressursar til tenesteproduksjonen innanfor helse- og omsorgssektoren (HEOM). Når det gjeld IT-infrastruktur så har Vanylven kommune i 2025 etablert satellitt-internett som sikrar stabil digital kommunikasjon for kommunal tenesteproduksjon også ved fiberbrot – slik at vi kan sikre kommunikasjon på våre skytenester ved slike uføresette hendingar.

2.2 Framtidige mål og visjon

Vanylven kommune anerkjenner at ein moderne, effektiv og brukarvennleg IT-infrastruktur er nødvendig for å kunne levere gode tenester til våre innbyggjarar. Visjonen for framtida er å vere ein digitalt framoverlent kommune, som aktivt bruker teknologi for å forbetre tenestene; auke effektiviteten og fremje innovasjon.

Denne visjonen er i tråd med vedtaket i kommunestyret som understrekar betydninga av å bruke IT som eit strategisk verktøy for å oppnå det overordna målet til kommunen. Kommunen ser på teknologi ikkje berre som eit middel for å forenkle administrative prosessar, men også som ein katalysator for å skape nye og betre tenester for innbyggjarane.

Vidare har kommunen som mål å unngå nyetablering av eigne serverar på rådhuset, i staden vil kommune leige serverkapasitet hos programleverandørar – dette er ei strategisk avgjerd for å sikre fleksibilitet, kostnadseffektivitet og skalerbarheit.

Kommunen anerkjenner at brukaren skal vere i sentrum for digitaliseringsstrategien. Alle teknologiske løysingar skal vere designa med tanke på brukarvennlegheit, tilgjengelegheit og forståelegheit. Dette inneber å ta omsyn til behova til alle innbyggjarane, frå skuleelevar til eldre innbyggjarar, og sikre at teknologien er tilgjengeleg og forståeleg for alle.

2.3 Konkrete tiltak for digitalisering og automatisering

2.3.1 Fullføre migreringa til skytenester: Som ein del av IT-strategien, vil Vanylven kommune fullføre overgangen til sky-baserte tenester. Dette inneber at kommunen i 2026 samlar låssystema og etablerer dette i programvare som har skytenester – dette er lyst ut og tildelt ein leverandør.

2.3.2 Automatisere prosessar med eADM-løysinga frå Identum AS: For å auke effektiviteten, har Vanylven kommune implementert eADM-løysinga for å automatisere prosessen med å opprette og fjerne tilsette i Active Directory (Azure AD). Dette forbetrar prosessane for brukarstyring og sikrar at alle tilsette har rett tilgang til nødvendige IT-ressursar frå dag éin samt at tilgangane blir fjerna når tilsette sluttar.

2.3.3 Utvikle ein strategi for serverkapasitet: For å unngå etablering av eigne serverar på rådhuset, vil kommunen leige serverkapasitet hos programleverandørar. Dette vil sikre fleksibilitet, kostnadseffektivitet og skalerbarheit. Vidare vil vi i 2026 sjå på moglegheitene for å konsolidere programvare som ligg på serverer hos enkelte dataleverandørar til færre servere og gå ut på anbod for å sikre løysingar som er skytenester.

2.3.4 Styrkje den digitale kompetansen blant dei tilsette: Det vil bli lagde vekt på kompetanseheving og opplæring av tilsette for å sikre at alle kan utnytte dei nye digitale løysingane optimalt. Dette kan omfatte opplæring i bruk av sky-baserte applikasjonar, datatryggleik og digital kommunikasjon og dette vil gå inn i den overordna kompetanseplanen til kommunen – som vil bli rullert hausten 2025..

2.3.5 Forbetre digital tilgjengelegheit for innbyggjarane: Vanylven kommune vil fokusere på å gjere digitale tenester meir tilgjengelege og brukarvennlege for alle innbyggjarar. Dette kan innebere

utvikling av nye digitale plattformer, forbedring av brukarvennlegheita og utviklinga til nettstaden av digitale kurs og opplæringsmateriale for innbyggjarar. Spesielt automatiserte tenester, som vi i dag har på bålbrekking - og vi må ha som mål å automatisere eitt skjema kvart år og for 2026 så kan vi kommunale gjere slik som Hareid kommune og automatisere søknad om skjenkeløyve.

2.3.6 Implementere IoT-løysingar: Med framveksten av Internet of Things (IoT) er det mange moglegheiter for å automatisere og forbedre kommunale tenester. Dette kan omfatte implementering av smarte løysingar for energistyring, avfallshandtering, trafikkstyring og meir. Dette er naturleg at vi tek i slutten av perioden i 2027 eller 2028.

2.3.7 Utforske moglegheiter for kunstig intelligens (AI) og maskinlæring: Kunstig intelligens (AI) og maskinlæring (ML) kan bidra til å forbedre kommunale tenester på fleire område, frå å optimalisere ressursbruk til å forbedre kundeservice. Vanylven kommune vil utforske moglegheitene innan desse teknologiane som ein del av den digitale transformasjonsstrategien deira. I den førre digitaliseringsstrategien så var det uttalt:

«På dette område så vil utvikling truleg gå så fort at vi allereie i 2024 kan sjå potensialet, og vil må leggje til grunn at vi kan arbeide med slik tenestutvikling i 2025 og 2026.»

Kommunen har i 2025 inngått avtale med snakk.ai, med en AI-teneste for telefonsamtalar, som kan setje over til tilsette; booke timar hos tilsette og svare ut andre spørsmål og sende linker når innbyggjarane våre skal søkje om tenester.

I 2026 vil kommunen vurdere bruk av AI for sortering av inngåande e-post når det gjeld postmottak til kommunen.

2.4. Framgangsmåte for gjennomføring

2.4.1 Planlegging og testing: Det er utarbeida ein migreringsplan for kvar teneste som skal flyttast til skya og dette er gjort gjennom ein prosjektplan som er utarbeidd ved utmelding frå SSIKT. Dette inneber å identifisere eventuelle hindringar og løysingar, teste system for å sikre kompatibilitet, og utvikle ei tidslinje for gjennomføring. Overgangen vil vere nøye koordinert med alle partar, inkludert programleverandørar og interne IKT-konsulent og PwC som er engasjert som prosjektstøtte.

2.4.2 Stegvis migrering: Migrering til skytenester har skjedd skje gradvis, system for system, for å minimere potensiell forstyring av tenester. Vanylven kommune vil som sagt fortsatt nytte seg av

"hybrid"-drift, i dei få tilfella der det er nødvendig, og halde oppe nokre tenester "on-premises" medan andre er i skya, inntil ein full overgang er mogleg – men dette gjeld ikkje på "serverrommet" på rådhuset, men på serverrom hos programvareleverandørane.

2.4.3 Opplæring og kompetanseheving: Det er kritisk å sikre at alle tilsette er godt rusta til å utnytte fordelane ved dei nye systema og arbeidsprosessane. Dette vil omfatte regelmessig opplæring og oppdateringskurs, og dessutan tilgjengelege ressursar for kontinuerleg læring - og her vil vi nytte elæringsprogramvaren som vi har tilgjengeleg som eXtramile, og dette leggjast inn i den overordna kompetanseplanen til kommunen.

2.4.4 Leie serverkapasitet: I tilfelle der reine skytenester ikkje er etablerte, vil kommunen leige serverkapasitet hos programleverandøren. Dette vil sikre at tenestene kan operere effektivt utan behov for å gjeninnføre ein eigen serverdrift på "serverrommet" på rådhuset. Dette gjeld nå spesielt tenester til noko medisinsk utstyr og apotektenester samt varmestyringssystem.

